

Hordaland fylkeskommune
5020 Bergen

Att.: Fung. fylkesrådmann Johnny Stiansen

Bergen 4.juni 2014

Fylkeskommunal garanti for låneopptak ved delvis bompengefinansiering av E39 Svegatjørn-Rådal

Vi viser til tidlegare brev i saka og til møte måndag denne veka. Styret i Bergen-Os Bompengeselskap as vil med dette søke om fylkeskommunal garanti for dei låneopptaka selskapet må gjere for å finansiere prosjektet både under byggeperioden og i bompengerperioden. Vi ventar på ein proposisjon frå Samferdselsdepartementet i saka og det er håp om at ein slik skal ligga føre før sommaren.

Statens vegvesen har tilrådd ein garanti basert på følgjande føresetnader:

Føresetnad	Verdi
Årleg prisstigning	2,5 %
Lånerente	5,5 %
Driftskostn. pr. bomstasj. (mill.2014-kr.)	15
Oppstart bompengeskatt	2021
Etterskotsinnkrevjing	
Oppstart bygging	2015
Investeringsperiode	2015-2022
Anleggskostnad (mill. 2014-kr.)	6.505
Statleg finansiering 2012-23	3.799
Trafikkgrunnlag (ÅDT 2021-nivå)	14.058
Snitt inntekt pr. køyretøy (2014-kr.)	38,80
Nedbetalingstid (bompengerperiode)	18 år

I dei fleste bompengeproposisjonar dei siste åra er det lagt til grunn ei nominell lånerente på 6,5 %. Dette ut frå at lånerente skal vere robust og ha eit langsiktig perspektiv. Basert på røynsler dei siste åra og prognosane framover vil Statens vegvesen tilrå ein fylkeskommunal garanti der finansieringsopplegget er basert på ei berekningsteknisk lånerente på 5,5 pst. Med gjeldande finansieringsføresetnader og etterskotsinnkrevjing inneber dette ein bompengerperiode på vel 18 år. Dersom det kjem ei rentekompensasjonsordning, jf. Prop. 97 S (2013-2014), side 5, skal rentekompensasjonen føre til kortare innkrevjingsperiode.

Vi legg til grunn 5 års byggetid. Samla garantiperiode vil strekke seg over 23 år, fram til 2038 etter dei utrekningar Statens vegvesen har utført med føresetnadene over.

Maksimal lånegjeld er om lag 3,5 mrd. kr, som vi meiner bør leggast til grunn for den fylkeskommunale garantien.

Bergen-Os Bompengeselskap as
Org.nr 990 358 699
Lille Markeveien 13, 5005 Bergen
Postboks 1153, 5811 Bergen


Tlf + 47 906 55 913
torbjorn@wikos.no

Konklusjon

Styret i Bergen-Os Bompengeselskap as ber Hordaland fylkesting om ein lånegaranti med sjølvskyldnarkausjon på NOK 3.500.000.000 gjeldande frå 1.1.2015 til 31.12.2038.

Med helsing


Stein Inge Ryssdal
styreleiar


Torbjørn Wilhelmsen
dagleg leiar